

Protokoll frå Representantskapsmøte i KAV

09.11.2023

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- JANNE MARIE REPPEN, signert 19.11.2023 med ID-Porten: BankID
- GJERMUND FLAGE, signert 24.11.2023 med ID-Porten: BankID



Det signerte dokumentet inneholder

- En forside med informasjon om signaturene
- Alle originaldokumenter med signaturer på hver side
- Digitale signaturer



Dokumentet er forseglet av Posten Norge

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Norge AS. Posten garanterer for autentisiteten og forseglingen av dette dokumentet.



Slik ser du at signaturene er gyldig

Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er sertifisert av Posten Norge AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.

Protokoll: Representantskapsmøte

Kommunearkivordninga i Vestland KO

Teams, torsdag 9. november 2023 10.00-12.00

1. Oppstart, godkjenning av representantar

Kommunane Kinn og Fjaler meldte forfall. Representanten frå Sogndal kom kl. 10.15. Representanten frå Stryn gjekk kl. 10.50. Alle andre kommunar deltok gjennom møtet. Representantskapet var vedtaksdyktig.

2. Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak: Representantskapet godkjenner innkalling og saksliste

Forslaget vart samrøystes vedteke.

3. Val av møteleiar, referent og to personar til å skrive under protokollen

Forslag til vedtak: Representantskapet vel styreleiar Geir Liavåg Strand som møteleiar, Sigrun Espe frå administrasjonen som referent og Janne Marie Reppen frå Lærdal og Gjermund Flage frå Hyllestad til å signere protokollen.

Forslaget vart samrøystes vedteke.

4. Orientering om nytt arkivbygg

Vedtak om nytt arkivbygg på Leikanger vart fatta i fylkestinget desember 2022, anbudsprosessen vart ferdig hausten 2023, men kostnadsauken har vorte så stor at investeringsramma må godkjennast i budsjettmøte i Vestland fylkeskommune i desember 2023. Estimert ferdigstilling av bygget er sommaren 2025.

5. Orientering om arkivutgreiinga i Vestland

Vestland fylkeskommune bestilte i 2022 ei arkivutgreiing. Denne vart utført av Menon Economics, og var på offentleg høyring. Resultatet vart eit vedtak i fylkestinget i juni 2023. Vestland fylkeskommune vedtok å gå i dialog med Kommunearkivordninga i Vestland KO for å revidere tenesteavtalen vi har med dei, og etablere eit nytt arkivråd for Vestland der arkivinstitusjonane skal sitje. I tillegg skal fylkeskommunen utvikle den regionale samfunnsutviklarrolla innan arkiv, og arbeide for å på sikt etablere ein ny arkivinstitusjon som samordnar arkivarbeidet i Vestland fylke.

6. Budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027

Forslag til vedtak: Representantskapet godkjenner budsjett og økonomiplan.

Forslag til tillegg frå representant Anders Felde, Gloppen: Styret skal i arbeidet med 2025-budsjettet synleggjere mogelegheiter for, og konsekvensar ved, innsparingar i forhold til økonomiplanen 2025-2027.

Forslaget og tillegget vart samrøystes vedteke.

Dokumentet er signert digitalt av:

- JANNE MARIE REPPEN, 19.11.2023
- GJERMUND FLAGE, 24.11.2023

Forseglet av



Posten Norge

7. Andre orienteringar frå styret og administrasjonen

Administrasjonen orienterte om Kommunearkivordninga i Vestland, organisering, aktivitetar, satsingar med meir. Etter oppmoding frå møteleiar vart deler av denne orienteringa, spesielt det som omhandla oppgåvefellesskapet sin historikk og organisasjonsform, gjeve mellom sak 3 og 4 i møtet, då det er fleire nye i representantskapet etter kommunevalet hausten 2023.

Merknad til protokollen frå representant Jacob Nødseth, Vestland fylkeskommune:

Saker som vert lagt fram for representantskapet skal ha ei saksutgreiing som viser grunnlaget for framlegg til vedtak i den respektive saka, og som synleggjer konsekvensar av vedtaket som representantskapet vert invitert til å fatte.

Heile representantskapet stiller seg bak denne merkningen.

Telefon
05557

E-post
post@vlfk.no

Nettside
Vestlandfylke.no

EHF fakturaadr.
823111632

Organisasjonsnr.
821311632

Dokumentet er signert digitalt av:

- JANNE MARIE REPPEN, 19.11.2023
- GJERMUND FLAGE, 24.11.2023

Forseglet av



Posten Norge